

RETNINGSLINER FOR HEMSEDAL KOMMUNE SIN KULTURPRIS



Vedteke 12.11.2025, sak 86/2025 i Hemsedal kommunestyret

Føremål

Hemsedal kommune sin kulturpris skal bidra til å fremje og synleggjere kulturverksemd i tråd med kulturlova, særleg § 1 og § 2. Prisen skal stimulere til deltaking, mangfald og kvalitet i kultur- og idrettslivet, og løfte fram innsats som styrker lokalsamfunnet sitt kulturgrunnlag.

Kategoriar

Kulturprisen kan delast ut innan følgjande kategoriar:

1. Kulturinnsats

- Ein einskildperson, ei gruppe, ein institusjon eller organisasjon som har vist evne og vilje til å yte kulturinnsats ut over det vanlege.
- Innsatsen skal bidra til eit ope og mangfaldig kulturliv, i samsvar med kulturlova § 2.

2. Kulturarv og byggeskikk

- Ein bygning eller eit bygningsmiljø som i særleg grad tek vare på lokal byggeskikk og kulturarv.
- Tiltaket skal bidra til å verne, vidareføre og formidle kulturarv, jf. kulturlova § 2 bokstav b.

3. Idrett og prestasjonar

- Ein einskildperson, gruppe, organisasjon eller institusjon som har utmerkt seg gjennom idrettsprestasjonar lokalt, nasjonalt eller internasjonalt.
- Innsatsen skal vere forankra i Hemsedal sitt idretts- og kulturliv, og bidra til deltaking og fellesskap.

Kriterium

- Kandidaten må vera busett i Hemsedal kommune og / eller ha nær tilknytning til bygda.
- Profesjonelle og amatørar har lik moglegheit til å få prisen.
- Ingen kan få prisen meir enn ein gong.

Fagleg vurdering og armlengds avstand

For å sikre at prinsippet om armlengds avstand vert ivaretatt, skal det oppnemnast eit fagleg utval for kulturprisen, kulturmidlar og kulturstipend.

- Utvalet skal bestå av 3 medlemmar med relevant kultur- og idrettsfagleg kompetanse, og skal vera:
 - Styreleiar, Hemsedal idretts- og aktivitetsråd
 - Verksemdsleiar kultur
 - KulturskulerektorAlle skal ha personleg vara

- Utvalet vurderer alle innkomne forslag, lagar ei skriftleg innstilling med grunngjeving og gjer endeleg vedtak.
- Det vert ikkje gjeve innsyn i sakshandsaming jf. §26 2.ledd i offentleg lova
- Tildeling vert lagt fram som orienteringssak for Hovudutval for Livsløp etter vedtak.

Nominasjon og vedtak

- Innbyggjarane i Hemsedal skal ha høve til å fremje grunngjevne, skriftlege forslag til kandidatar.
- Kulturprisen skal lysast ut breitt.
- Den endelege avgjerda vert fatta av fagleg utval, i samsvar med kulturlova sitt krav om openheit og fagleg vurdering.

Pris

Prisen består av diplom, blome og eit kunstnarisk uttrykk til ein verdi inntil kr. 8 000,- eller ei pengegåve på kr. 8 000,-.

Revidering

Retningslinene skal vurderast kvart fjerde år, gjerne ved nytt kommunestyre, og alltid i lys av gjeldande kulturlov og kommunale kulturstrategiar.